

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Fastelavnssøndag – 26. februar 2017

Preiketekst: 1 Kor 13,1-7

Lesetekst I: Høgs 8,6-7

Lesetekst II: Joh 17,20-26

Kjærleiken - ein betre veg

Fastelavnssøndag

Vi er på søndag *før* faste, og 'fastelavn' har faktisk ikkje noko med 'faste' å gjere. Ordet kjem av tysk *faseln* og skal ha samanheng med å lage moro før fasten sette inn askeonsdag. Med vårt tilhøve til faste i dag, er det utan serleg poeng. Det naturlege for oss denne søndagen, må vere å rette blikket mot fastetida og stille spørsmålet om kva som kunne gje oss gode grunner for faste og bøn. Preiketeksten denne fastelavnssøndagen er ein av dei åtte NT-tekstane som kyrkjemøtet har valt ut som preiketekst utanom evangelietekstane for dette tekståret – 1 Kor 13,1-7.

Korint

Korint har historie med busetnad heilt tilbake til rundt 6000 f.Kr. I århundra før NT-leg tid var det ein høgt utvikla by med stor innverknad på politikk og kultur, men han vart heilt øydelagt av romarane i år 146 f.Kr. I år 44 f.Kr. vart byen grunnlagd på nytt av Julius Cæsar, kort tid før han vart myrda, og det vart raskt på ny ein velstående og viktig handelsby med luksuriøse, umoralske og lastefulle vanar. Korint vart gjort til administrasjonssentrum for den romerske provinsen Akhaia (Hellas) i år 27 f.Kr. Kor stort innbyggjartalet var, er usikkert, men kan på den tida ha vore opp mot 80.000 med ein blanda folkesetnad med store innslag av både romarar, grekarar og jødar.

Paulus i Korint

Til dette mylderet av folk og impulsar kom Paulus på si andre misjonsreise og hadde som mål å gjere kjent bodskapan om Jesus som Guds Son og Messias (Apg 18,1-18). Han kom då via Makedonia og eit opphald i Athen. I Korint vart han verande i halvanna år – truleg våren 50 til hausten 51. Som vanleg starta han forkynnarverksemda i den jødiske synagogen, samstundes som han tente til livsopphald som teltmakar. Med den store tilstrøyminga av gjester under dei isthmiske leikane, var der truleg stor trong for seglduk til telt å bu i. Men – på same måte som andre stader der Paulus kom til den jødiske synagogen med si forkynning, førte det snart til strid og splitting. Dei som ville halde fram med å høyre på læra hans, fann då nytt tilhald i eit hus vegg i vegg med synagogen, og det vart etablert ei rein Jesus-truande huskyrkje – kanskje fleire. I denne (eller desse) finn vi både jødekrystne og heidningekrystne.

Brev til kyrkjelyden

Mellom dei krystne i Korint og Paulus har der vore ein korrespondanse med fleire brev, der vi i dag berre kjenner ein avgrensa del. Vi veit at Paulus har skriva eit brev til dei før 1 Kor, og at 1 Kor i stor grad er skriva som svar på spørsmål han har fått i brev frå dei, i tillegg til at han tek opp viktige spørsmål han har fått kjennskap til ved kontakt med medarbeidarar. Brevet er skriva under opphald i Efesos på våren år 54 el 55.

Kyrkjelyd med motsetnader

Gjennom innhaldet i brevet får vi eit klart bilde av ein kyrkjelyd med til dels sterke motsetnader og spenningar. I tydelege vendingar prøver Paulus å rettleie og tilrettevise. Spenningane har bakgrunn både frå dei heidenske livsformer mange kjem frå, og frå jødisk tradisjon. Det gjeld partidanningar, samlivsmoral, kristen fridom og offerkjøt, praksis i kyrkjelydslivet, og spørsmål kring tru på oppstoda. Dette fortel oss noko om kor viktig det er med oppfølging og vidare opplæring i ein nyetablert samanheng. Midt i dette er det Paulus så å seie tek eit djupt andedrag og vil vise dei 'ein betre veg' (12,31) – kjærleikens veg.

... størst av dei er kjærleiken.

Ikkje på noko punkt seier Paulus at noko av dei rettleiingar han har gjeve i brevet er av mindre verdi. Tvert om understrekar han fleire gonger kor viktige dei er (2,2; 6,5; 14,38). Likevel kan all truskap mot sanninga misse sin verdi om han ikkje blir boren fram i kjærleik. Dette kjem klart fram i v.1-3 i kap 13. Kallet til eit liv i kjærleik mot Gud og vår neste er sjølv 'urkallet' Gud har gjeve oss menneske. Midt i alle dei praktiske rettleiingane bryt han inn med desse høgreiste orda om kjærleiken som er størst – med ord og uttrykk som på mange vis har fått sitt eige liv, - også langt ut forbi kristen og kyrkjeleg samanheng. Eit raskt søk på 'Størst er kjærleiken' på Google viser 82.900 treff (bokmål) – og var mellom anna tittelen på ein italiensk film frå 1952. Ein annan stad har Paulus sagt det slik: Vi skal vere trufaste mot sanninga i kjærleik (Ef 4,15).

Dette er ikkje noko nytt, men heilt i tråd med Jesu eigen undervisning og hans mest grunnleggande klagemål mot farisearar og skriftlærde sitt lovfokus (Mt 12,7; 22,36-40; Joh 13,34). Og Jesu undervisning er heller ikkje ny, men oppfølging av profetiske ord i GT (Mi 6,8).

Tru og kjærleik

I våre ordskifte og forkyning kring tru og kjærleik, kan det til tider høyrest ut som dette er to sider av kristenlivet som står i spenning til kvarandre, eller to atskilte moment. Kan tru og nåde leve utan eit liv i kjærleik? – eller kan kjærleik leve eit liv utan tru og nåde? Vi seier gjerne at den som er vist så stor nåde, er pliktig å vise kjærleik. Og slik er det. Men kjærleiken er meir enn eit takksemda sitt 'haleheng' til tru og nåde. Kjærleiken er først, og kjærleiken er størst – og kjærleiken er sist! På grunn av kjærleiken treng vi nåde! – fordi vi har svikta kjærleiken, og gjer det på nytt kvar dag! På grunn av kjærleiken sin 'dom' over våre liv, måtte Guds Son døy i vår stad. På grunn av hans kjærleik som ga seg sjølv, kan vi finne nytt liv i trua på han. Og kjærleiken misser sjølv sagt ikkje sin 'urposisjon' om vi får leve ved tru! Det blir berre endå tydelegare kva som er det grunnleggande kallet som gjeld i alle samanhengar.

I Korint og hos oss

Paulus såg at i all rettleiing om dei rette og gode løysingane på dei mange utfordringane dei hadde i kyrkjelydane i Korint, var der ein ting dei trong meir enn noko anna: Det var å leve i striden for dei rette løysingane i ekte og reell kjærleik til kvarandre – også til den og dei som måtte stå for andre syn og tankar. Ein bodskap og ei påminning vi truleg treng like mykje hos oss i dag. Kanskje vi treng snu litt på ting, og sei at det er ikkje berre dei som er langt borte som treng vår kjærleik, men også dei som er nær ved! Dei som har andre løysingar enn oss sjølv. Stridsspørsmåla står i kø – også mellom oss kristne i dag: Innvandring, samlivsspørsmål, forsamlingsordning, personalstrid ... Kanskje mykje av den oppsplitting vi har opplevd i den kristne kyrkja kunne fått andre løysingar om kjærleik hadde fått større tyngde når avgjerdene vart tekne?

Jo, der er rikeleg med saker å ta fatt i, og spørsmål å setje fokus på for den som skal preike denne fastelavnssøndagen.

Knut Fredrik Sørheim

Pensjonert prest. Fritidsarbeidar og krinsstyreleiar for Bergen krins av DNI.

knutfsorheim@gmail.com

